

Notat

Knarvik 3.oktober 2019

Kommunedelplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen avklaringar av motsegn frå SVV

Viser til varsel om motsegn datert 26. august 2019 og dialogmøte med Fylkesmannen 25.september 2019.

Vedlagt følgjer Lindås kommune, ved administrasjonen, sitt framlegg til endringar i plandokumenta.

SVV har varsla motsegn til kommunedelplanen på følgjande punkt:

«Statens vegvesen vurderer at planframlegget ikkje tek i vare forholdet til trafikktryggleik og framkome på vegnettet i stor nok grad. Vi fremjer difor motsegn til planen med bakgrunn i vår rolle som forvaltar av riksveg på vegner av staten og som statleg fagmynde med sektoransvar innanfor vegtransport. Planforslaget tek ikkje godt nok i vare det pågåande planarbeidet med ny E 39.

Vår motsegn er knytt til tre delområder:

- BN2 Hagalia
- BN3 Gjervik
- B7 Gjervik»

Bustadområdet B7 i Gjervik

Motsegna vart drøfta i dialogmøtet med Fylkesmannen der det vart konkludert med at Lindås kommune tek ut bustadområdet B7 i Gjervik frå planframlegget.

BKB2 Hagalia


Det vart einigheit i dialogmøtet om at motsegn mot BN2 i Hagalia kan trekkast dersom dersom næringsområdet vart sikra ei trafikk sikker tilkomst og at det vert gjort ei konkret vurdering om det er kapasitet til meir trafikk både i krysset med fv. 57 og i rundkøyringa mellom E39 og fv. 57.

Vidare ønsker SVV ei større buffer mot Hagsund bru som sikrar mogeleg utviding av brua til gang- og sykkel felt og areal som er naudsyn for vedlikehald av brua mv.

Følgjande endringar er gjort i planframlegget:

Det er lagt inn ei omsynssone infrastruktur 430_1 (rekkefølgekrav infrastruktur) som omfattar kryss med Fv 57 og rundkøyring mellom E39 og Fv 57. Innanfor sona skal det også leggjast til rette for å styrka gang-sykel forbindelsen til sentrum.

Omsynssone for infrastruktur H 430_1 er vist med skravur



Avgrensing av BKB2 endra som avtalt med SVV


Ny avgrensing av næringsarealet mot brua, ei buffer på 25 m er lagt inn for å gje rom for tilkomstveg til området. Vegglivet til eksisterande bygg ligg 30 m frå brua, ny byggegrense kan setjast 30 m frå brua, slik at nye bygg ikkje ligg nærmare brua enn eksisterande.

Framlegg til føresegner for BN 2 (tabell under 2.2.2 i føresegnene):

«Det er føresetnad for utvikling av felt BN2 at overordna vegnett med fremtidig løysning for E39 er avklart og at området kan sikrast ei trafikksikker tilkomst frå overordna vegnett. Det skal gjerast ei konkret vurdering på om det er kapasitet til meir trafikk både i krysset med fv. 57 og i rundkøyringa mellom E39 og fv. 57. Gang- og sykkelveg langs E39 må være avklart og det skal etablerast gode løysingar for gåande og syklende mellom næringsområdet og Knarvik sentrum. Tilkost til BN2 skal ikkje føre til auka trafikkbelastning under brua.»

BKB3 Gjervik

Det vart einigheit i møtet om at motsegn mot BN3 i Gjervik, mellom anna fordi dette vil innebære ein ny avkjørsel frå E39, nær eksisterande avkjørsel, og det er ikkje ønskeleg. Vidare ligg næringsområdet innanfor ein av korridorane for framtidig E39, jf. planprogram for E39-prosjektet, samt at det skal planleggast gang- og sykkelveg langs E39 på denne strekninga.



Revidert kart, omsynssone utvida mot sør

Framlegg til føresegnar for næringsområde BN 3 (tabell under 2.2.2 i føresegnene) :

«Det er føresetnad for utvikling av felt BN3 at framtidig vegløsning for E39 må være avklart og at området kan sikrast ei trafiksikker tilkomst frå overordna vegnett. Avkjørsel og tilkomstveg til BN3 skal ikkje være i konflikt med framtidig løysing for gang-og sykkelveg for E39.»

Videre vert det innarbeidd i føresegnene:

4.1.4 Infrastruktur (H 400)

Rekkjefølgjekrav infrastruktur (H 430)

H 430_1, Innanfor omsynssone infrastruktur er det knytt rekkjefølgjekrav til infrastruktur for næringsområde BN 2 Hagalia.

H 430_2, Innanfor omsynssone infrastruktur er det knytt rekkjefølgjekrav til infrastruktur for næringsområde BN 3 Gjervik.